



Status over *Gyrodactylus salaris* i norske vassdrag 01.06.2020



Fritt fram for frisk fisk



Har du spørsmål om «Gyro» og smittespreiing ta kontakt med Mattilsynet på telefon **22 40 00 00**
www.mattilsynet.no

Slik hindrar du spreiiing av *Gyrodactylus salaris*



Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler

Kva er Gyrodactylus salaris?

Gyrodactylus salaris er ein liten parasitt (ca. 0,5 mm) som er dødeleg for norsk laks. Han festar seg på lakseyngel ved hjelp av små krokar, og et av huda på fisken. *G. salaris* kan ha ukjønna formeiring, og det kan bli fleire tusen av dei på ein laksunge før denne døyr. Parasitten blir ofte kalla laksedreparen eller berre «Gyro».

Kva har dette å seie for meg?

Følgene av denne sjukdomen er så alvorlege at laksen kan come til å forsvinne heilt frå dei infiserte elvane. Dersom vi spreier parasitten, kan dagane vere talde for villaksfisket i Noreg. Difor er det særskild viktig at alle som ferdast ved elvar og ferskvatn, veit korleis dei skal bere seg åt. Vi må alle gjere vårt for at parasitten ikkje skal spreie seg til fleire elvar.

Kvar kjem *G. salaris* frå?

G. salaris har truleg funnest lenge i dei baltiske elvane i Finland og Russland, kanskje også i Aust-Sverige. Den baltiske laksen toler parasitten betre enn vår. I Noreg blei parasitten påvist første gong i 1975 etter import av setjefisk frå Sverige. Dette viser kor viktig det er å unngå å setje ut fisk i nye vassdrag eller flytte fisk innanfor eller mellom vassdrag.

Kan laksen bli motstandsdyktig?


Den norske laksen er særskild lite motstandsdyktig mot parasitten. Det er usikkert kor lang tid det vil ta å utvikle tilstrekkeleg motstandskraft slik at parasitten ikkje trugar laksebestanden vår lenger. Erfaringa frå norske vassdrag med infeksjon med *G. salaris* er at parasitten fører til bortimot total utrydding av laksen.

Korleis spreier parasitten seg?

Parasitten kan spreie seg med fisk, garn, utstyr og vatn frå smitta vassdrag og anlegg. Dei fleste spreiringstilfella til nye område i Noreg skuldast flytting og utsetjing av smitta fisk, men parasitten kan òg bli spreidd ved å bruke same utstyr i fleire vassdrag. *G. salaris* kan overleve i fleire dagar i fuktige omgjevnader som t.d. i plastposar eller på daut fisk på vadarar, garn, fiskesnøre, håvar og liknande utstyr. Det er ikkje berre fiskeutstyr som kan dra med seg smitte, men alt vi brukar i og ved ferskvatn: gummibåtar, madrassar, kanoar og kajakkar.

DIFOR GJELD FØLGJANDE:

- Det er forbode å flytte eller setje ut fisk utan løyve frå Mattilsynet eller Fylkesmannen.
- Ikkje vask og sløy fisk på andre stader enn der fisken vart fanga.
- Det er forbode å flytte utstyr mellom eller innanfor vassdrag utan å tørke eller desinfisere det.
- Ikkje slå ut vatn på andre stader enn det er henta frå.



Pass på dette før du flytter utstyr mellom/ innanfor vassdrag:

Oppsøk ein desinfiseringsstasjon for å få utstyret desinfisert,

eller

Desinfiser sjølv med Virkon-S (i sal m.a. hos Felleskjøpet). Løys opp Virkon-S i vatn til ei 1 %-løysing som du påfører utstyret og lèt verke i 15 minutt før du skyl av. Røynsle viser at Virkon-S ikkje skadar utstyret. Følg instruksjonane på pakka/kontakt Mattilsynet for meir informasjon,

eller

Sørg for at alt utstyr er heilt tørt før du flyttar det til neste vassdrag. Dette gjeld fiskeutstyr, håvar, båtar, støvlar og anna utstyr som har vore i kontakt med vatn.

HUGS: All transport av vatn og fisk mellom vassdrag fører til risiko for smitte.

IKKJE vask og sløy fisk andre stader enn der du fanga han.

DESINFISER og/ eller tørk utstyr før ein flyttar det innan eller mellom vassdrag.

